



Dette biletet av Uskedal kyrkje vart tatt no ein kveld. Det vert eit rikhdig haustprogram i kyrkja.

**Uskedal sokneråd har no klart programmet for aktivitetane i Uskedal kyrkje i hausthalvåret. I tillegg til dei faste gudstenestene er det lagt inn både konsertar, salmekveldar, temakveld, aktivitetar i trusopplæringsprogrammet og engleverkstad. Det fullstendige planen vil verta lagt inn under Uskedal kyrkje i venstre kolonne her på sida.**

Sommargudstenesta på Skorpo vil som tidlegare meldt, utgå i år. Derimot vert det sommargudsteneste i kyrkja 17.juli ved sokneprest Lina Håland, og til den er det alt meldt inn to dåpsbarn. Elles vert det tradisjonelle gudstenester frå gudstenesta på Rødtunet 21.august til julegudsteneste kl.14 på Julaftan.

Song og musikk vert det også mykje av. Tidleg på hausten er Eva Megyesi sentral både som aktør og arrangør av to konsertar. På den andre har ho fått med seg trompetisten Vegard Døssland som no held til i Oslo, men som vil ta turen heimom i september for å spela saman med Eva. Den tradisjonelle julekonserten vert 11.desember.

To salmekveldar er på planen. Den eine er etter same leist som dei vellukka salmekveldane dei siste åra. På den andre er det ny vri. Vi er så heldige at Lina Håland tar seg av den saman med Bjarte Lending. Svært mange hugsar nok med glede sist han besøkte kyrkja vår. Han er nemleg musikalsk leiar og dirigent for gospelkoret Abraham som hadde ein fantastisk konsert før sist jul. Med så gode songkrefter som Lina Håland og Bjarte Lending, også organist, må det verta ein flott kveld.

Det vert ein temakveld i hausthalvåret. Professor Magnar Kartveit som hadde eit svært interessant føredrag om Jobs bok i vår, kjem tilbake. Denne gongen vil tema vera knytta til ulike bibelsyn. Det var svært mange lovord å høyra etter at Kartveit hadde vore her sist, så det er god grunn til å håpa at mange kjem for å høyra han no.

På planen er også fleire ting som inngår i trusopplæringsprogrammet, og som er retta mot forskjellige aldersgrupper. Noko heilt nytt vert også engleverkstad i samarbeid med søndagsskulen ved inngangen til

adventstida.

Kort sagt: eit rikhaldig og godt program! Den fullstendige planen kjem altså under Uskedal kyrkje i venstre kolonne.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Einar Gjertsen